


PLAN FOR FORSKING OG KUNNSKAPSUTVIKLING

2021–2024



JÆRMUSEET

Forskningsplan Jærmuseet

Innhald

1 Innleiing	s. 3
1.1 Om Jærmuseet	s. 3
1.2 Om forskning	s. 3
1.3 Om museet som forskingsinstitusjon	s. 4
1.4 Kunnskapsutvikling i Jærmuseet	s. 4
3. Mål for forskinga	s. 5
4. Organisering av forskning og kunnskapsutvikling	s. 6
4.1 Samarbeid med Universitetet i Stavanger	s. 6
4.2 Forskningsprosjekt gjennom museumsnettverka	s. 7
5. Prioriterte prosjekt i planperioden	s. 7
5.1 Forskningsprosjekt i planperioden	s. 7
5.2 Forskningsførebuande prosjekt i planperioden	s. 9
Vedlegg	s. 9

1. Innleiing

1.1 Om Jærmuseet

Formål

Jærmuseet blei stifta i 1985 og er regionmuseum for kommunane Randaberg, Sola, Sandnes, Gjesdal, Klepp, Time og Hå. Frå 2003 er Jærmuseet også regionalt vitensenter for Sørvestlandet. Jærmuseet er ein møteplassen mellom natur, kultur og teknologi. Me forvaltar og produserer kunnskap og formidlar kunnskapsbaserte opplevingar.

Forskning og kunnskapsutvikling var eit hovudmål i strategiplanen 2014–2020:

Jærmuseet skal styrka forskinga og kunnskapsutviklinga i organisasjonen med vekt på samtid og nær fortid, gjennom prosjekt med nasjonal og regional relevans, og som aukar den vitenskaplege og faglege kompetansen i staben. (Strategiplan Jærmuseet 2014–2020)

Denne formuleringa blir vidareført i denne planen, og i ny strategiplan som blir behandla våren 2021. Me har følgjande målsettingar for forskning i Jærmuseet:

- A. Auka vitenskapleg kompetanse i personalet
- B. Forsking og kunnskapsutvikling med vekt på samtid og nær fortid med
 - Nasjonal relevans
 - Regional relevans
- C. Samarbeid med andre forskingsinstitusjonar

1.2 Om forskning

Jærmuseet legg Statistisk sentralbyrå (SSB) sin forskingsdefinisjon til grunn for museet sitt forskingsarbeid:

“Forskning er systematisk arbeid for å skaffe til veie ny kunnskap”.

1.3 Om museet som forskingsinstitusjon

Frå Stortingsmelding nr. 49, Framtidas museum:

“Forskning og kunnskapsutvikling ved museene er et nødvendig faglig grunnlag for innsamling, dokumentasjon og formidling. Et delmål vil være økt forsknings samarbeid, både i museumsnettverket og mellom museene og forskningsmiljøer i kunnskapssektoren.”

Stortingsmeldinga legg spesielt vekt på samarbeid med andre forskingsinstitusjonar for å “mobilisere et bredt fagmiljø”. Dei faglege museumsnettverka bør “i enda større grad enn i dag benyttes til å utvikle innsamlingsstrategier, forskningsprosjekter og samarbeid om innsamling og forskning.” Stortingsmeldinga legg nokre føringar for kva musea bør forska på.

- Om gjenstandar: "For museenes del vil det være særlig aktuelt med forskningsprosjekter om materiell kultur i vid forstand, og forholdet mellom kunnskapsbehov og samlingsutvikling vil kunne være et sentralt tema."
- Om handlingsboren kunnskap og immateriell kulturarv: "Det er klart et behov for ytterligere å styrke kompetansen når det gjelder tradisjonelle håndverksteknikker i museene. Dette gjelder primært for å heve det faglige nivået på vedlikeholds- og restaureringsarbeidet i museene, men også for å skape en meir solid plattform for å utvikle småskala næringsbasert virksomheter."

Val av forskningstema i Jærmuseet skal knytast til museet sine sentrale dokumentasjonsområde, og kva tema institusjonen treng meir kunnskap om. Hovudtema blir dermed knytt til jordbrukshistorie, industrihistorie på Jæren, Kystverket si historie, fly- og krigshistorie og Hulda og Arne Garborg. Museet har eit særleg fokus på samtid og nær fortid. Samlingane definerer som oftast tema og rammeverket for forskinga ved den einskilde museumsinstitusjonen. Forskinga er knytt til musea sine andre kjerneoppgåver, dokumentasjon, bevaring og formidling. Målet med forskinga er ny eller auka kunnskap innanfor eit fagtema, kvalitetssikra etter vitenskaplege kriterium og vurdert av ein fagfelle.

1.4 Kunnskapsutvikling i Jærmuseet

All forskning og kunnskapsutvikling i Jærmuseet utgjer museet sin samla kunnskapsproduksjon. Kunnskapsutvikling, eller dokumentasjon, heng saman med forskning, men det er tale om to forskjellige prosessar. Målet med forskinga er å utvikla ny kunnskap eller setja saman eksisterande kunnskap på ein ny måte, eller inn i ein større samanheng, slik at resultatet blir ei ny forståing. Dokumentasjonen er på mange måtar forskinga sitt grunnlagsarbeid: å samla eksisterande kunnskap.

Kompetanse

21 tilsette i Jærmuseet har mastergrad, hovudfag eller magistergrad, dei fleste innan fagområda etnologi/kulturvitskap, historie, museologi eller språk- og litteraturfag. Fire av Jærmuseet sine tilsette har konservatorkompetanse. To tilsette fekk godkjend konservator NMF i førre planperiode. I løpet av denne planperioden skal to av Jærmuseet sine tilsette ha oppnådd doktorgradskompetanse. I komande forskingsplanar vil Jærmuseet leggja til rette for at fleire tilsette kan ta doktorgrad.

Dei færreste med master/hovudfag har stillingar eller arbeidsoppgåver der forskning inngår som "rett og plikt" i stillingsbeskrivinga. Tilsette som er engasjerte i forskingsprosjekta for denne planperioden skal, i samråd med næraste leiar, setja av tilstrekkeleg tid til forskning.

Publisering

Jærmuseet starta publisering av eiga **årbok** i 1989, og har sidan kome med ei utgåve kvart år, med unntak av koronaåret 2020. Her er det publisert lokalhistoriske artiklar. Ein stor del av artiklane er presentasjon av museets dokumentasjonsarbeid, skrivne av eigne medarbeidarar og prosjektmedarbeidarar. Artiklane er ikkje fagfelleverderte og er av

varierende omfang. Årboka i 2021 blir truleg den siste årboka i trykt utgåve. Museet vil likevel styrka publiseringa av faglege artiklar framover, men nå vil ein publisera meir på nett. Museet har ein **skriftserie**: *Jærskrifter*, som til nå har kome med fire nummer. Her publiserer me bøker knytt til museet sitt forskingsfelt: ei doktorgradsavhandling (1), to temabøker (2,3) og ei leksikalsk bok (4).

2. Mål for forskinga

I Jærmuseet sine vedtekter § 3 står det: «Jærmuseet er ein vitenskapleg institusjon som skal dokumentera regionen si historie, dei tekniske utviklingslinene i norsk jordbruk og ta på seg andre nasjonale dokumentasjonsoppgåver på område der dette er naturleg. Dette arbeidet skal skje gjennom innsamling, bevaring, forskning og formidling.»

Jærmuseet må driva eigen forskning og oppfordra andre (t.d. masterstudentar) til å forska på sine tema for å produsera ny kunnskap innanfor dei fagområda som Jærmuseet har ansvar for.

Forskning er med på å sikra at museet er ein kunnskapsinstitusjon, og ikkje berre ein formidlingsinstitusjon. Jærmuseet skal vera det leiande museet innanfor eigne kulturhistoriske tema.

I tillegg inviterer me forskarar ved andre institusjonar til å nytta Jærmuseet som arena for forskingsformidling, både ved å bidra til utstillingar hos oss og gjennom populærvitenskaplege føredrag. Museet samarbeider òg med ulike forskarar og fagmiljø for å kvalitetssikra formidlinga av ulike tema i utstillingane der me sjølv ikkje har tilstrekkeleg fagkompetanse.

Forskinga må formidlast til eit større publikum. Det kan skje gjennom populariserte framstillingar i artikkelsamlingar, nettartiklar-eller i eigne utstillingar. Den årlege arrangementsserien *Forskingdagane* kan vera ein god arena for å formidla museet si forskning.

Forskinga vil gi museumsformidlinga ei fagleg tyngde og bidra til å styrka museet sin eigenart.

Overordna mål for planperioden

- I løpet av planperioden 2021–2024 skal minst éin til av Jærmuseet sine tilsette oppnå konservator NMF.
- Det skal gjennomførast to doktorgradsprosjekt, sjå pkt. 5.
- Det skal publiserast minimum fem fagfellevurderte artiklar, tre av desse er knytt til PhD-prosjektet «For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ», sjå pkt. 5.

3. Organisering av forskning og kunnskapsutvikling

Eit utval nedsett av Kulturdepartementet leverte sommaren 2020 rapporten «Vilje til forskning - museumsforskning i Norge i det 21. århundre.». Utvalet tilrår at «når det gjelder publisering, synliggjøring og rekruttering bør museene søke samhandling og samarbeid også utenfor egen sektor i større grad enn i dag.» Vidare understrekar utvalet at det må «bygges sterkere strukturer for samarbeid og faglige broer mellom museene som ikke er universitetsmuseum og UH-sektoren, men også med andre forskningsbaserte miljøer innen kulturminnevern og naturforvaltning.» Med dette blir musea inkludert i eit større forskingsfellesskap med tilhøyrande moglegheiter for fagleg utvikling og større kunnskapsproduksjon. Jærmuseet har gode erfaringar med å samarbeida med institusjonar både i og utanfor museumssektoren.

Jærmuseet legg til rette for at studentar kan ta masteroppgåver med utgangspunkt i våre dokumentasjonsområde eller studiar knytt til særskilde formidlingsprosjekt/didaktikk. Fleire historiestudentar har nytta museet sine kjeldesamlingar. Vitenfabrikken lyste i byrjinga av denne planperioden ut tre stipend for masterstudentar som vil skriva om Øglænd som kvinnearbeidsplass.

Som vitensenter samarbeider Jærmuseet med fleire universitet om å leggja til rette for masteroppgåver innan naturfagsdidaktikk eller matematikdidaktikk. For tida tar to studentar frå UiS master knytt til talentsenteret.

Museet deltar også aktivt i ei FoU-gruppe innanfor dei regionale vitensentera.

Jærmuseet leia i perioden 2018–2021 eit forskingsprosjekt om loshistorie med deltakarar frå andre musum og UH-sektoren, sjå prosjektoamtale i kap. 5.

Jærmuseet har oppretta ei faggruppe av tilsette med forskarkompetanse. Denne faggruppa har eit overordna ansvar for forskinga i museet, og vil foreslå for leiargruppa kva for forskingsprosjekt som til ein kvar tid skal prioriterast. Forskarforumet fungerer som referansegruppe for alle forskingsprosjekt i organisasjonen, og skal møtast minst fire gonger i året.

Jærmuseet bør primært prioritera forskning innan fagområde der me sjølv har kompetanse, det vil seie innan etnologi, historie, museologi, språk- og litteraturfag. Jærmuseet vil også leggja til rette for ekstern forskning på eigne tema/samlingar.

Kva prosjekt institusjonen vil gjennomføra, og kven som skal setja av tid til forskning, er bestemt ut frå andre satsingar i perioden.

3.1 Samarbeid med Universitetet i Stavanger

Jærmuseet har ein formell samarbeidsavtale med Universitetet i Stavanger som mellom anna iinkluderer eit forskingssamarbeid. I planperioden vil det vera ei målsetjing å konkretisera dette samarbeidet ved å leggja til rette for at masterstudentar kan nytta seg av Jærmuseet sine arkiv, for fortrinnsvis å forska i Jærmuseet sine samlingar. Fagfolk ved Universitetet i Stavanger kan også rettleia Jærmuseet sine tilsette i forskning. Jærmuseet har

inngått ein avtale med Universitetet i Agder som inneber at ein av museet sine tilsette blir tilknytt eit Phd-prosjekt fram til og med 2021.

3.2 Forskingsprosjekt gjennom museumsnettverka

I Stortingsmelding nr. 49 oppfordrar Kulturdepartementet til forskingssamarbeid innan dei såkalla museumsnettverka. Jærmuseet deltek i relevante faglege nettverk, som til dømes Kulturlandskapsnettverket, Litteraturnettverket, Luftfartsnettverket og Nettverk for tradisjonshandverk og bygningsvern. Jærmuseet er med i VFoU, eit nettverk for forskning og utvikling innanfor dei regionale vitensentera. Jærmuseet er eitt av fem museum i Kystverket sitt etatsmuseum, Kystverkmusea. Dette er ikkje eit museumsnettverk, som dei nemnde ovanfor, men eit nettverksmuseum som får faste driftsmidlar kvart år frå Kystverket. Etatsmuseet står bak forskingsprosjektet *Los2020* som blei påbegynt i førre planperiode, og som skal avsluttast i denne perioden. Jærmuseet vil delta i forskingsprosjekt i desse nettverka som tek føre seg relevante tema.

Forsking- og kunnskapsutvikling skal leggest inn i museet sitt årshjul og handlingsplanar, og innarbeidast i arbeidsplanane til dei ulike avdelingane.

4. Prioriterte prosjekt i planperioden

I løpet av planperioden vil Jærmuseet prioritera å gjennomføra forskingsprosjekt eller forskingsførebuande arbeid innan fagområde der Jærmuseet har eit nasjonalt og regionalt fagansvar. Forskinga vil styrka museet som kunnskapsinstitusjon og vera ein vesentleg del av kjeldegrunnet for nye utstillingar om jordbruks-, fly-, havbruks- og maritim historie.

4.1 Forskingsprosjekt i planperioden

Jordbruk

1. **«Kunnskap og praksisar.** Ein studie av kjemiske middel i norsk jordbruk på 1900-talet». PHD-prosjekt ved UiA, starta opp 1. mars 2017, avhandling ferdig hausten 2021.
2. Dokumentasjon av humleoppdrett, perioden 2000–2020.
3. Pelsdyrnæringa i Rogaland. Pelsdyrnæringa er i ferd med å leggest ned. Jærmuseet er derfor i gang med dokumentera næringa og samla inn arkivmateriale for å ta vare på historia om denne landsomfattande verksemda. Det skal publiserast ein forskingsartikkel i løpet av planperioden.

Kystverket

1. **Los 2020.** I 2020 er det 300 år sidan losvesenet blei oppretta i Norge. I 2018 fekk Kystverkmusea pengestøtte frå Kulturrådet for å gjennomføra eit forskingsprosjekt om loshistoria. Med samarbeidspartnarar frå Høgskulen i Volda, Museum Stavanger og Museum Vest skal me gi ut ei artikkelsamling med seks artiklar som tek føre seg ulike delar av loshistoria. Museumsforlaget skal gi ut antologien våren 2021.

Havbruk

1. «**Til laks åt alle kan ingen gjera**». Forskingsartikkel som tek føre seg den norske laksedebatten i perioden 1990 og fram til i dag. Føremålet med artikkelen er å få ei betre oversikt over debatten, og deretter forklara kvifor oppdrettsnæringa har blitt så kontroversiell.

Fly-, krigs- og forsvarshistorie

1. «**For våre kamerater: En studie av den kalde krigen gjennom flygernes narrativ**». PhD-prosjekt ved NTNU med birettleiar frå UiS. Starta opp januar 2020, ferdig våren 2024

Industrihistorie

1. «**Øglænd som kvinnearbeidsplass**». Jærmuseet har sett av midlar til tre studiestipend frå 2021. Målet er ei eller fleire masteroppgåver frå UiS med dette som tema innan prosjektperioden er over.

4.2 Forskingsførebuande arbeid

Smart teknologi og landbruket. Framtidig samarbeidsprosjekt mellom UiS og Jærmuseet avd. Vitengarden. Jærmuseet si rolle i prosjektet vil vera å fasilitera dialogmøte med aktørar i landbruket, og bidra med relevante kontaktar og arkivmateriale til prosjektet. Jærmuseet kan dessutan vera ein viktig arena for formidling av resultat frå prosjektet i form av forelesingar og utstillingar. Prosjektstart er hausten 2022. Føreset at UiS får finansiering til prosjektet.

Aktuelle framtidige forskings- og dokumentasjonsprosjekt

1. Jærmuseet har ei stor samling reiskapar frå den jordbruksbaserte jærindustrien som skal formidlast i det nye studiemagasinet. Innflytting av gjenstandar er i gang, og prosjektet vil truleg halda fram til 2024.
Det er nødvendig å laga plan for innhald og problemstillingar ein ønskjer å ta opp. Det vil legga føringar for vidare forskning og kunnskapsutvikling.
2. Kystjordbruket var tradisjonelt kvinnene sitt arbeid. Jordbruket på Jæren vart tidleg mekanisert, og det er vanskeleg å få auge på kvinnene si rolle på gardane i denne regionen. Bortsett frå Eldbjørg Fossgard sitt doktorgradsarbeid som dekker perioden etter 1980, er det gjort lite for å sjå jær-jordbruket før 1980 i eit kjønnsperspektiv. Dette kan danna utgangspunktet for eit forskingsprosjekt.

Vedlegg

Litteraturliste

1. Eldbjørg Fossgard: *Frå lagnad til val. Kvinneliv på vestnorske gardsbruk 1930–1990* (1996)
2. Målfrid Grimstvedt, Torbjørn Hertel-Aas, Lars Gaute Jøssang: *Med sauene til heis* (1996)
3. Lars Gaute Jøssang: *Industrieventyret på Jæren 1800 - 2000* (2004) I samarbeid med Det norske samlaget.
4. Arne Hove, Gro Persson, Olav Skjellevik, Sigbjørn Stangeland (red.): *Sandnes. Hva hendte – og når? Høle, Høyland, Riska og Sandnes* (2007)

Tidlegare forskingsplanar i Jærmuseet

Strategi- og handlingsplanen for Jærmuseet 1995–2000 inneheld eit kapittel om forskning. I 2012 utarbeidde Jærmuseet sin første forskingsplan. Planen ble revidert i 2015. I løpet av desse to planperiodane blei følgjande prosjekt fullført:

1. **«Noregsgarden»**. Det blei publisert ein fagfelleurdert artikkel, laga ein forvaltnings- og formidlingsplan for Audamotlandsgarden, og utarbeidd ein mal som kan danna grunnlaget for forskning og dokumentasjon av dei andre gardsanlegga til museet.
2. I 2011–2013 deltok Jærmuseet i Samtidsnettverket sitt prosjekt **Samtidskoden** der målet var å finna ein metode for dokumentasjon av endringar i kulturlandskapet på Jæren. Arbeidet er publisert i fagfelleurdert artikkel.
3. Flyplastroppen på Sola/Forus: I mai 2017 blei den fagfelleurderte artikkelen «De lette stridsvognerne på Jæren – I skyggen av den kalde krigen» publisert i Norsk Museumstidsskrift.
4. Sola Flystasjon som fremskutt NATO-base under den kalde krigen: I desember 2016 blei den fagfelleurderte artikkelen «Sola Hovedflystasjon som fremskutt krigsbasis for amerikanske flystyrker – Brudd eller videreføring av tidligere politikk?» publisert i Historisk Tidsskrift.
5. Artikkelen “Veikrysset i havet. Om lokalisering av sjøsikringsteneste og distriktspolitikk” vart publisert i Heimen våren 2018.
6. I 2015–2018 deltok Jærmuseet avd. Garborgsenteret i Litteraturnettverket sitt forskings- og dokumentasjonsprosjekt «Museum som minnepolitiske institusjonar». Artikkelen «Knudaheio som minnestad. Bruken av Arne Garborg si skrivestove på Jæren 1898–1975» vart publisert i antologien *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk* (Samlaget 2018).

Liste over hovudfags- og masteroppgåver med relevans til museet sine samlingar

1. **Anne Jorunn Frøyen**: *Den driftige Jærbonden i etterkrigstiden – myte eller realitet?* (UIB, 2000)
2. **Torbjørn Hertel-Aas**: *Heiaføring og heisesjefer gjennom 160 år*. (UIB, 1998)

3. **Svein Høyland:** *Stein og stål. Utviklingstrekk av reiskapsindustrien på Jæren, og reiskapsbruken i jordbruket, frå kring 1950 til 1970.* (UiB, 1998)
4. **Reidar Klausen:** *For- og etterarbeid i forbindelse med elevbesøk på vitensenter. Har det noe for seg?* (NTNU, 2017)
5. **Inger Undheim:** *Arne Garborgs Den burtkomne Faderen: Vedkjenning som sjølvframstilling kring 1900.* (UiB, 2003)

Liste over fagfelleverderte artiklar produserte av Jærmuseet sine tilsette:

Anne Jorunn Frøyen: «Antioksidantar og frie radikal. Mat og vitskap i norske vekeblad i 2006». I Berkå, Odd Arild et al. *På sporet av den tapte samtid.* Norsk kulturråd 2009, s. 167–177.

Anne Jorunn Frøyen og Knut G. Austad: «Landskapsendringar sett gjennom ein museumsgard på Jæren – Audamotland i Hå». I *Heimen Lokal og regional historie.* 3/2012, s. 291–303.

Anne Jorunn Frøyen: «Når steingardane skal på museum». I *Heimen Lokal og regional historie.* 4/2014, s. 355–372.

Sondre B. Hvam: «Sola hovedflystasjon som fremskutt krigsbasis for amerikanske flystyrker - Brudd eller videreføring av tidlegare politikk». I *Historisk Tidsskrift.* 4/2016, s. 514–538.

Sondre B. Hvam: «De lette stridsvognene på Jæren – I skyggen av den kalde krigen». I *Norsk Museumstidsskrift.* 1/2017, s. 20–38.

Eirik Gurandsrud: «Veikryss i havet – Strid om losstasjon og sjøsikring i Rogaland 1975–2000». I *Heimen Lokal og regional historie.* 1/2018, s. 78–94.

Sondre B. Hvam: «I dag, i fredstid, kreves det atter offervilje fra våre flygere – Norske militærflyulykker under den kalde krigen». *Arbeiderhistorie: Årbok for arbeiderbevegelsens arkiv og bibliotek 2019.* 01/2019, Volum 23, s.167–187.

Anne Jorunn Frøyen: “Influencing for results: Bees, Beekeepers and Norwegian Pesticide Legislation”. I *HoST - Journal of History of Science and Technology,* Volume 13, 2019, Issue 1, s. 5–27.

Stian Ravndal, Ørjan Zazzera Johansen og Gunhild Hammeraas: “Game on! A battle. An Engaging Game About Language and Democracy Contributing to Civic Learning.” I *Journal of Museum Education,* Volume 45, 2020, Issue 3: *Beyond the Cult of the Author: The Literary Museum Today,* s. 226–239.

Liste over tidlegare forskings- og dokumentasjonsprosjekt

Museet har delteke i dei **nasjonale museumsnettverka** sidan 1990-talet og publisert artiklar knytta til fellesprosjekt som *Plast i det moderne Norge, Dokument 2000, "På sporet av den tapte samtid", Noregsgarden.* Desse prosjekta er forankra i musea sitt samtidsnettverk og har resultert i fire artiklar skrivne av museets medarbeidarar, sjå nedanfor.

Museet har lagt til rette for og hjulpet studentar som skriv hovudfagsoppgåver med relevans til museets samlingar og tema, til dømes Svein Høyland, Anne Jorunn Frøyen og Torbjørn Hertel-Aas, sjå vedlegg.

Dokumentasjonsprosjekt med publiserte artiklar, bøker, filmer:

"Med sauen til heis" 1992–1997 Innsamlings- og dokumentasjonsprosjekt om sauebøndene i Sør Rogaland og den spesielle driftetraffikken som er blitt drive her frå 1830-åra til i dag. Publisert som Jærskrifter 2. Torbjørn Hertel-Aas brukte også materialet i si hovudfagsoppgåve i historie 1998: *"Heieføring og heiesjefer gjennom 160 år"*, Universitetet i Bergen.

"Teknologisk endring og produktutvikling" 1995–1998 Dokumentasjon av arbeidsprosessar, arbeidsorganisering og arbeidsmiljø i reiskapsfabrikkar på Jæren og systematisering av jordbrukreiskapa frå Kyllingstad plogfabrik, Kvernelands Fabrikk og F.A. Underhaugs fabrikk. Publisert i artikkelen *"Jærplogane"* i *"Sjå Jæren"* 2000 og på www.jaermuseet.no i perioden 2000–2004.

"Bonde eller kone" 1996 Dokumentasjon av bondekvinna på Jæren i 1996. Artikkelen *"Bonde eller kone. Bondekvinna 1996"* Ingeborg Nærland Skjærpe, Sjå Jæren 1996.

"Jærskje mattradisjonar" 1997-1998 Innsamling av munnleg tradisjon, kjeldestoff og litteratur om mat og mattradisjonar på Jæren. Publisert i Sjå Jæren 1999: Målfrid Snørteland *"Jærskje mattradisjonar"*, Målfrid Grimstvedt *"Havregrynsmøller i Rogaland"*. Målfrid Snørteland har også skrive det kulturhistoriske kapitlet i *"Et: på kjøkkenet i Rogaland"* 2007 og kapitlet «Mat og drikke til kvardag og fest» i *Hå kulturhistorie*, band 3 (2013).

"Plast i jordbruket" 1997-1998 Del av forskingsprosjektet *"Plast i det moderne Norge"*, eitt samarbeid mellom seks musé. Kartla plastens inntog frå forsøk med gras i plastsilo i 1952 til 1975 då dyrking under plast berre var eit av mange felt der plasten i jordbruket hadde fått fotfeste.

"Mjølkk eller gulrot" 2000-2001 Frå mars 2000 til mars 2001 følgde me arbeidet på eit gardsbruk på Vik i Klepp. Her dokumenterte me driftsforma på garden gjennom å videofilma, fotografera, skildra og intervjuar dei som bur og arbeider her. Publisert: Målfrid Grimstvedt *"Gulrot eller mjølk. Ein jærsk sjøgard ved tusenårsskiftet"*, Sjå Jæren 2000. Videomaterialet er digitalisert og eit utval er brukt i utstillinga «Traktorliv» 2015.

Grimstvedt, Målfrid. 2001. «Plast i jordbruket». I Volund 1999-2000, årbok for Norsk Teknisk Museum, s. 111-154.

"Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet" 2000 Eit "Dokument 2000"-prosjekt innanfor Samtidsnettverket. Her stod dei flyktige møta mellom publikum og dei som arbeider på flyplassane på Sola og på Karmøy i fokus. Publisert: Inger Smidt Olsen *"Flyplassen – møteplass ved tusenårsskiftet"* i prosjektrapporten og i Sjå Jæren 2003 *"Å reise det er å leve"*.

"På sporet av den tapte samtid" 2006–2009 Samtidsprosjekt som resulterte i to artiklar i Norsk kulturråds rapport 2009: Anne Jorunn Frøyen *"Antioksidantar og frie radikal Mat og vitskap i norske vekeblad i 2006"* og Målfrid Grimstvedt *"Kven har kontrollen på norsk mat?"*. Det resulterte også i artikkane Frøyen *"Me et så grævlige mykje"* og Grimstvedt *"Jærsk matproduksjon i endring"* i Sjå Jæren 2009.

«Veikrysset i havet». Artikkel om sjøtraffikksentralen på Kvitsøy av Eirik Gurandsrud frå Jærmuseet. Publisert i årboka Sjå Jæren i 2011

Svein Dybesland ” **Vindkraft i Norge** – om historisk bruk av vindkraft”, 2008. Ei undersøking utført av Jærmuseet på oppdrag av NVEs Museumsordning. Også publisert i Sjø Jæren 2011, og i utvida versjon som nettutstilling på www.jaermuseet.no frå 2011.

Figgjo Fajanse – Figgjo AS, 2011–d.d. Museet overtok i 2012 bedriftsarkiv med fotosamling og gjenstandssamling frå steintøy og porselensprodusenten i Sandnes. Det har til denne tid resultert i fire artiklar i årboka: Målfrid Grimstvedt “*Turi-design 1960–1980*» (2011), Berit Bass og Målfrid Grimstvedt: «*Rolf Frøyland danser polka på 11 mm*» (2012); Therese Espeland: “*Fra kaffekjeler til bispehatter. Olav Joa- formgiver ved Polaris og Figgjo*” (2016). I 2013 utførte Berit Bass og Inger Smidt Olsen ein filmdokumentasjon og formidling av prosessane bak utviklinga av porselenet til Stavanger Konserthus: frå idé til «ut i verda». Filmen er delt inn i 6 tematiske kapittel (total lengd 18 min) og er ein del av utstillinga «Det ska svara seg» på Vitenfabrikken. Tittel: «*Figgjo Felt og Figgjo Pisa*»

Det tyske jager- og bombeflyet Henkel He 115, 2012–d.d. Flyet blei heva frå 70 meters djup i Hafrsfjord i 2012. Sidan har det blitt jobba med dokumentasjon, analyse og rekonstruksjon/restaurering. Historia er dokumentert med film, foto m.m. Til nå er det skrivne to artiklar i Sjø Jæren: J. P. Petersen og S. B. Hvam: Heinkel He115: En skjult skatt (2012) og Eirik Aarebrot: Konservering av haleseksjonen Heinkel 115 (2014).

Tempohistorie, 2014-2015. Tempo motorsyklar og mopedar blei produsert av firmaet Jonas Øglænd i Sandnes, eit firma som i ein lang periode hadde den største konfeksjons- og sykkelfabrikken i landet, på det meste med nesten 2500 tilsette.

Dokumentasjonen var eit samarbeidsprosjekt mellom Akademiet vidaregåande skule og Jærmuseet avd. Vitenfabrikken. Me intervjuar dei som var med på Tempo-produksjonen og formidla det til eit allment publikum. Spørsmål: Kva er en Tempo-sykel? Korleis var det å vere med på utvikling, produksjon og sal av Tempo mopedar og motorsyklar? I dag er Tempoklubben den største klubben i landet for veterankjøretøy. Kvifor er det slik og kva driv Tempoklubben?

«**Hvorfor utarbeide en samlings- og utstillingsplan for Flyhistorisk Museum Sola?**». Artikkel om samlingsforvaltninga for Flyhistorisk Museum Sola av Sondre B. Hvam frå Jærmuseet. Publisert i årboka Sjø Jæren 2015.

«**Turi-kumlokk. Kunstkumlokk i Sandnes kommune**» 2015. Sandnes kommune utlyste konkurranse om utforming av eit kunst-kumlokk. Kunstnaren Turi Gramstad Oliver fekk oppgåva. Turi sitt kumlokk ligg nå på fleire hundre av byens gatekummer. Jærmuseet avd. Vitenfabrikken og ein filmskapar dokumenterte prosessen og presenterte kumlokket i ei utstilling på Vitenfabrikken i 2015. Skissene, det første kumlokket og støypeforma inngår i museets si samling. Publikasjon: Utstilling med film (6 min), «Turi-kumlokk», på Digitalmuseum.no

«**Spøtakoner og strikkemaskinar**» 2016. Anne Cecilie Tjersland studerte museet si samling av handstrikkemaskinar. Ho reingjorde fire maskinar, analyserte strikkeplagg laga på desse maskinane og strikka opp kopiar av dei. Arbeidet er publisert i artikkelen «*Spøtakoner og strikkemaskiner*» i Sjø Jæren 2016 og deler av materialet er publisert på Digitalmuseum.no.

«**Habitt/profitt – Bunad i dag**» 2016. Spørjeundersøking blant konfirmantane i Time kommune om kva dei skulle ha på seg til konfirmasjonen. Undersøkinga blei gjennomført i samband med utstillinga

«Habitt/profitt – Bunad i dag» på Garborgsenteret i 2016-2017, og blei publisert som del av artikkelen «Bunadsjenter og dressgutar» av Jorunn Osland i årboka Sjø Jæren 2017.

«**Størst på småmøbler**». I 2017 opna ei utstillinga «Alle gode ting er tre» på Vitenfabrikken. Utstillinga både dokumenterte og formidla den omfattande møbelproduksjonen i Sandnes-området frå slutten av 1800-talet til 1970-talet. Artikkelen «Størst på småmøbler» frå årboka Sjø Jæren 2017 av Per Inge Bø i Jærmuseet samanfattar dokumentasjonen av den lokale møbelproduksjonen.

«**Garman og splitcanstengene**». Artikkel om fiskestongproduksjon på Jæren av Knut G. Austad frå Jærmuseet. Publisert i årboka Sjø Jæren 2017.

«**Sauen, hunden og gjetaren**» 2015–2018. Oppfølging av prosjektet «Med sauen til fjells» frå 1990-talet. Me engasjerte ein filmkunstnar, som saman med museet har følgd sauebønder gjennom arbeidet heime på garden og på sommararbeite i heia. Samstundes blei andre sider av livet med sauen dokumentert av ei utstillingsgruppe på museet. I tillegg gjennomførte me delprosjektet «*Digitalt fødde foto*» 2017-2018.

Museet saman med fotoarkivaren i Fellestenestane i Rogaland samla inn digitalt fødde foto frå to sauebønder som er knytta til dokumentasjonsprosjektet *Sauen, hunden og gjetaren*. Prosjektet var ei utprøving av metode og kjeldeverdi på foto henta frå Facebook og mobil- og digitalkamera. Prosjektet blei avslutta i 2018.

«**Jonas Øglænd. Ø-byen Sandnes**» 2017-2018. I samband med utstillinga «Ø-byen» blei det samla inn dokumentasjonsmateriale, foto og intervju med personar knytta til bedrifta som på det meste hadde 2300 tilsette. Samstundes blei museet si gjenstands- og fotosamling frå bedriftsmuseet revidert, m.a. med suppleringsinformasjon. Materialet vart publisert i utstillinga som opnar i mai 2017.

Sondre B. Hvam, 50 år siden F-5 landet på Kautokeino flyplass, *Flyhistorie nr. 57 2020*, s. 10–13.

Sondre B. Hvam, Arne Thorvaldsen og hans bemerkelsesverdige karriere, *Sjø Jæren: Årbok for Jærmuseet 2019*, s. 132 – 156.

Sondre B. Hvam, Sola Tower, Baker Leader bailing out, *Årbok for Sola historielag 2019*, s. 157 – 172.

Sondre B. Hvam, Sola som fremskutt krigsbasis for amerikanske flyforsterkninger, *Flyhistorie nr. 44 2017*, s. 4 – 14.

Sondre B. Hvam, Militæraktivitet ved Sola Hovedflystasjon under den kalde krigen, *Årbok for Sola historielag 2018*, s. 157 – 172.

Sondre B. Hvam, Nordflåtens flystyrker på ubåtjakt, *Flyhistorie nr. 50 2018*, s. 16 – 21.

«**Museum som minnepolitiske institusjonar**» 2015—2018. Forskings- og dokumentasjonsprosjekt i Litteraturnettverket. Minnepolitikk handlar om korleis styresmakter, institusjonar, meningsfellesskapar eller enkeltpersonar brukar hendingar i fortida til å fremja interesser og verdiar i samtida. Fem museumsinstitusjonar deltok på prosjektet. Resultata vart publiserte i antologien *Forfattarens skriftstader. Litterære museum i norsk minnepolitikk*, Samlaget 2018. Garborgsenteret sin artikkel «Knudaheio som minnestad. Bruken av Arne Garborg si skrivestove på Jæren 1898-1975» handlar om korleis Knudaheio vart utvikla og brukt til minnestad, og kven som var sentrale i dette arbeidet.